



Alver Kommune
Byggesak
Postboks 4
5906 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7785 - 22/81792


Saksbehandlar:
Torkjell Holm Brenna
torkjell.holm.brenna@alver.kommune.no

Dato:
26.10.2022

Søknad om etablering av fortau på område regulert for anna vegareal i reguleringsplan Austmarka Øvre

Området i saka er veg som ligg på g-bnr: 479/11 og Alver kommune sin eigedom på g-bnr: 479/11.

Oversiktsbilete:



Bakgrunn for søknad:

Vegavdelinga har fått midlar frå miljøløftet/byvekstavtalen for tiltak som fremmer gåande og syklande. Det har verte prosjektert ei løysning for å auke tryggleiken for dei gåande i Austmarka, og spesielt for barna som går til skulen. I dag går det ein sti over gnr/bnr: 479/11 som er brukt som skuleveg i feltet. Denne stien kjem i dag rett ut i hovudvegen i feltet, noko som gjer at gåande frå stien kan kome overraskande på bilistar.


Vegavdelinga kjem til å etablere fartshumpar på denne veggen, men ønskjer også å etablere eit fortau frå stien og opp til overgangsfeltet som ligg vest for stien.

Vedlagt kart nedanfor visar situasjonen. Dagens sti er vist med grøn linje. Planlagde fartshumpar er vist som lilla flater. Den lyseblå flaten er planlagt fortau. Fartshumpen som ligg lengst vest vil bli eit overgangsfelt. I dag ligg det fortau heilt ut i veggen i den raude sona. Her vil man runde av hjørnet til fortauet slik at det blir eit lite skilje mellom veg og fortau der det ikkje er kantstein. Bredde på anna vegareal i reguleringsplanen er 4 meter. Planlagt bredde på fortau er 2.5 meter.


Spesifikasjonar for fortau:

- Fortauet skal være oppbygd frå veggen med støypa kantstein. Kantsteinvis vil være minimum 10cm og følgje krav frå N100.
- Bredde på fortauet vil være 2.5 meter.
- Lengde er omtrent 65 meter etter målingar i kart.
- Overvatn som blir stengt inne pga. fortau vil bli leda til grunn ved hjelp av sluk. Dvs. at overvatnet kjem til å hamne den same staden som avrenninga frå veggen gjer i dag.

Skisse av planlagt løysing:



Skisse med reguleringsplanen arealformål:



Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Torkjell Holm Brenna
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Alver Kommune

Postboks 4

5906

Frekhaug